

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Veøy.

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag: Rødven .

Oppskr. av: Hiliv Sandnes.

Gard: Skulehagen.

(adresse): Rødven.

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eng var mest nytta i meininga slått på bemarka (som var innhegna). Ekre eller attlege tyder åker som er attlagd til eng. Her er no vanleg brukt ordet attlege.

Ein hadde nemninga blautfor, d.v.s. det same som ein no kallar for langhøy. Det er for frå ei attlege ("fraueng"). Det opphavlege var vel for frå åkerreina, då det i eldre tid ikkje var anna langhøy (blautfor). Det som ein no reknar til kategorien "naturleg eng på innmark" (eller frå utslåttar) var og er kalla for småhøy eller småfor. Det var då dette som var sauforet og dels og øykjefor eller "stallfor".

Skilje millom langorvslåtter og stutturvslåtter, var det ikkje. Detteigenlege stutturv har vore lite bruka her, likeeins langorvet i den siste mannsalderen. Langorvet kom heilt bort, kann ein seie, når slåmaskina kom i bruk. Det er og har mest vore det vanlege krøkorv, som har vore brukt her.

2) Rydjing.

Skulde eng og utslåtter rydjas for tre og krattskog, vart det vanleg gjort om hausten i samband med lauving.

Dungan ~~en~~ som vert når ein "ry" (rakar lauv og kvist med rive) vert her kalla for ryttehaug, på mange stader i Romsdal vert dei kalla rytte-dunge. Arbeidet med dette vert som nemnt, kalla "å ry".

Om ein vann det, vart desse dungane brænd etter kvært. Vann ein det ikkje å brenne dei, vart dei liggande og rotne. Å rydje bort store og små steinar frå eng og utslåtter, var gjort berre for eit hende. Oska frå ryttelehaugane var sjelden spreidd utover; men det hende at ein ha oske i små vassig som so skulde spreida det utover.

3) Mosevaksen eng.

Når det galdt mosevaksen eng, hadde ein so å seie ingen råd. Døme på at det var gjort freistnad med å så heimeavla grasfrø eller kjøpt sovore, fønndetevartkvanleg skiftebruk, det er det nok, men det er ikkje mange.

Her på garden var det sådd grasfrø (truleg kjøpt) so tidleg som i 1862. Men dette var mest eit par mannsaldrar før det vart vanleg skiftebruk.

4) Myr og vassjuk eng. Vatning.

For å leide bort vatnet frå myr eller vassjuk eng var det gjort lite i eldre tid. Ei(eller) og annan "hauveitå" var det no. Dette var opne veitor, som skulde ta det meste av overflate-vatnet. Vatning av eng har ikkje vore vanleg.

5) Gjødsling.

I eldre tid var det først og framst åkeren som skulde gjødslas, og den var som regel gjødsla meir enn som gagnleg var og. Løyvdes det so noko gjødsl, når åkeren var gjødsla, fekk enga det, ellers inkje. Serskilde slag gj. til enggjødsling var det ikkje. Kor sterkt enga var gjødsla, kan det ikkje seias noko om.

6)

6) Serskild namn på eng som var gjødsla med vintergjøsel. Som nemnd før, vart graset eller høyet frå slike stader kalla blautfor eller langhøy. Dette var helst høy frå åkereinone.

7) Om det har vore vanleg å setje husa slik at visse engstykke skulle få nytte godt av den hevda som seig frå tunet, er ikkje godt å seie for visst. Men det var på ein gard her, der husa står på ein høgderogg - med halling til båe sidor, at eigaren sa omlag slik: "Det er nettopp det som har halde livet i meg", at altso siget frå husa, stallen på ein sida og fjøset på andre sida til ryggen, kom til enga på begge kantar av eigedomen. Små overflateveitor som kom beinveges frå gjødselplassar o.l. var og er enno kalla "taveitor". Desse taveitone kunne ein gjerne greine utover noko, so siget skulle spreie seg betre utover. Slike sidlendte dalar og dekker vart kalla for "våtor" (i dialekten her, våto). Å leggje åkrane på haugar eller bakkar, slik at siget skulle gjødsle engstykke som låg nedanfor, var vel ikkje gjort med nokor plan.

8) Gjødsla ein enga so var det helst om våren . Her var brukt berre vanleg gjødselvogn (kortvogn, mækjavogn). På åkeren var det å "rande" gjødsla d.v.s. ein deler lasset opp i to- tre mindre haugar, når ein køyrer ut på åkeren. På enga spreidde ein det som regel frå vogna. Var det rett tidleg på våren ein gjødsla enga, brukte ein slede på snøføret og spreidde utover på snøen. Andre gogner og (eller) reidskap eller andre arbeidsmåtar veit ein ikkje av her.

9) Å late dyra beite eng og utslåtter har vore brukt før. Det var vel ikkje med nokon serleg tanke på å få enga og utslåttene gjødsla, men mest var vel grunnen den, at det var skort på høy til inneforing. Denne beitinga haust og (eller) vår var vel til liten bate for enga, det var vel mest berre dyra dei tenkte på. Engstykke som ikkje vart beit, var det vel lite av. Dei måtte då vere serskild inn-

hegna. Skildnad på kva for engstykke som vart beita om våren eller om hausten, var det ikkje.

10) Om noko skifte i dei siste mannsaldrar. Ja, ein kan vel seie, at engbeitinga er slutt i den gamle forstand. Kyrne blir tjora litt om hausten på eng som tek av i hevd. Sambeite på innmark er heilt slutt.

11) Gjødsla som som dyra la etter seg på beitet, var det vel som regel ikkje gjort noko med. Var beitet på eng som skulle slåas, vart gjødsla raka vekk om våren. Noko serskilde reidskap til å smuldre eller jamne gjødsla med, er ikkje kjendt her.

12) Her har vore brukt sommarfjøs, når dyra gjekk på vanleg beite (utmark), solenge ein veit attende. At sommarfjøsane var bygd attmed utslåttar, slik at gjødsla kunne førast til disse av det som var oppsamla ved sommarfjøsane, var vist ingen regel. Men ein kunne ha sommarfjøsstykkje, slik at gjødsla kunne førast utover ved fjøsane. Gjødsla vart då spreidd om våren. At sømmeegardar kunne ha fleire sommarfjøs, for å få ha krøtera ei stund i den eine og ei stund i den andre, har ikkje vore bruka her.

13) Før var det somme tider i den varmaste årstid brukt å setje krøtera inn i sommar- eller søterfjøs om dagen og so sleppe dei ut om natta; men nok serleg innhegning var det ikkje, dyra gjekk i det vanlege beite (utmarka).

Grindgang eller kviing.

Dette er ikkje kjendt her. Spørsmål 14) til 17) felle soleis bort her.

19) Av dei ord som er nemnd frå Aasen si ordbok er berre trød (ei) kjendt - og so støl då, sjølv sagt. Ei trød var vel ei lita innhegning, truleg helst frå den tid då dei

hadde innhegning til grisane. Ein snakkar difor enno om ei "purketrø". Støl det var på sætra. Sæter og støl var brukt om ein annan. Ei sæter var kalla for sæter og ei anna for støl. Døme på dette har me her i bygda på Hammervoll-sætra, Jakobs-stølen, Voll-stølen og Landre-sætra. Dette er altso sætrar eller stølar alle saman. Som stadnamn på åker eller engstykke er det ikkje brukt.

20) Før var det jamnast innhegna slåttemark på sætra. Det var her, mest utan undantak, kan ein vel seie, kalla sætergjerde. Dette er gamalt, og går truleg attende til uminnelige tider. Stølsslåtten er no heilt slutt. Det er for tungvindt og for kostesamt. Gjødsla vart havt utover om våren.

21) Andre ting enn husdyrgjødning på enga var det vel gjort freistnad med før. Det kunne vere fiskeavfall (slo), Dei som sat nede ved sjøen kunne bruke tang, tildels sild, o.a. Oske var og brukt av den som fall frå hushaldet, men dette vart no i liten målestokk. Slik som fiskeslo frakta dei i tunnor frå fiskevara og køyrde den utover på vanleg gjødningvogn. Då den var flytande (velling), var det ordna slik, at den rann automatisk ut av vogna. Tanget spreidde dei gjerne frå vogna med same, eller dei køyrde det utover i dungar og spreidde det seinare., like eins om det var sild. Oska var det vel ikkje meir av enn dei spreidde den med hand, omlag som med kunstgjødning no.

Opplysningane frå Ingebrigt Dalset f. 1872 -
og delvis etter eiga røynsle.